

---

Saknr: 2020/1929-11  
Saksbehandlar: Dagmar Reutz Hillestad

---

**Saksgang**

Utval	Utv.saknr.	Møtedato
Vestland ungdomsutval		06.03.2020

**Møteplan 2020 - justeringar**

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram for drøfting i ungdomsutvalet - utan tilråding frå administrasjonen.

**Samandrag**

I Vestland fylkeskommune har dei tre fylkeskommunale medverknadsorgana ein og same utvalssekretær. Sjølv om ein har lagt møteplanar for råd/utval, er det arrangement som vil finne stad utanom fastsette møter. 11. og 12. mai er det tidfesta eit arrangement der Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne saman med andre aktørar i og utanfor fylkeskommunen skal gjennomføre ein stor konferanse i Bergen med hovudtema universell utforming. Det let seg ikkje gjera å endre på dato for dette arrangementet, så difor blir ein nøydd til å endre møtedato 11. mai for Vestland ungdomsutval. Vestland ungdomsutval vedtok møte- og temaplan for 2020 i utvalsmøte 1. februar 2020.

Bertil Søfteland  
seksjonssjef

Dagmar Reutz Hillestad  
utvalssekretær

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift*

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

Vestland ungdomsutval fastset sjølv sin eigen møteplan, men så lenge det er ein og same utvalssekretær i dei tre medverknadsorgana må administrasjonen kunne koordinere møta i desse organa. Vestland ungdomsutval har fastsett sin møteplan for 2020. Det er tillyst videomøte måndag ettermiddag 11. mai, men denne blir vanskeleg å gjennomføre grunna eit større arrangement i fylkeskommunal regi.

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne (RMNF) skal saman med fleire aktørar både i og utanfor fylkeskommunen stå som arrangør for ei større samling 11.-12. mai i Bergen.

Det vil såleis vera uråd for administrasjonen å gjennomføra møte i ungdomsutvalet denne ettermiddagen.

Det vil grunna eksamenstid, tentamen og skuleavslutning vera vanskeleg å leggje fram forslag til ny møtedato frå administrasjonen. Juni måned kan også vera ei høveleg tid for eit utvalsmøte, men då med eit lenger møte enn eit videomøte om ettermiddagen.

### Konklusjon

Vestland ungdomsutval gjer vedtak om å endre fastsett møtedato 11. mai.